



«ZINKEN» GJER EIT HOPP: Boliden Mineral AB viser veg i det grøne skiftet i Norge, skriv forfattarane. FOTO: ANNE KARI HINNA

## Eit grønt eksempel

### INDUSTRI- UTVIKLING

Marte Mjøs Persen,  
Roald Aga Haug



**Framtidas industri** bygger vi på skuldrene til den gamle. Sjå berre på kva som rører seg i Odda, den gamle industrigiganten. Boliden Mineral AB, eit internasjonalt gruve- og smelteverkskonsern, investerer no sju milliardar kroner i utbygging og effektivisering av sinkverket. Dette er den største investeringa i elektrokjemisk industri i Norge på femti år, og det er ei av dei største investeringane på fastlandet sidan krigen. Denne stor-satsinga sikrar ikkje berre arbeidsplassar og næringsutvikling. Kostnadseffektiv produksjon av rein metallisk sink av høg kvalitet har positive konsekvensar for miljø og klima. Ved å flytta meir av produksjonen til Odda, basert på rein vasskraft, kan konsernet redusera sitt samla CO<sub>2</sub>-utslepp.

**Det er òg verdt** å merke seg at det i ferd med å veksa fram ein «grøn metallmarknad», der klimavenlege metallprodukt vert prisa høgare enn konvensjonelt produserte. Norge står her i ei særstilling i Europa, sidan nesten heile vår elektrisiteitsproduksjon er fornybar.

Vi har alt verdas reinaste aluminiums-, ferrosilisiums- og Med

strengare miljøkrav og meir offensive klimatiltak vil norsk kraftkrevjande industri ha eit vesentleg konkurransefortrinn, i tillegg til dei positive konsekvensane for miljø og klima. Sink vert nytta til galvanisering av stålkonstruksjonar, noko som førebyggjer rust og forlenger levetida med minst femti år. Når eksisterande bygningar får lengre levetid, vert vi mindre avhengige av karbonintensiv industri som

**Ei klimavenleg reindustrialisering skjer ikkje av seg sjølv.**

jernutvinning. Sink vert også brukt i ulike legeringar, i maling og i katalysatorar, i produksjon av elektronikk og batteri – pro-

dukt som bokstaveleg tala vil vera drivarar i fornybarsamfunnet.

**Det ligg ein viktig lærdom** her. Ei klimavenleg reindustrialisering av Norge skjer ikkje av seg sjølv. Skal vi kutte utslepp, auke eksporten og få fleire i arbeid, må vi styrke den norske modellen og nytte konkurransefortrinna våre. Vi treng ein aktiv næringspolitikk som tek i bruk heile statens verktøykasse, der staten inngår forpliktande partnerskap med bedrifter og næringar som treng støtte til teknologiutvikling og omstilling for å møte miljøkrav og setja i verk naudsynte klimatiltak.

**Marte Mjøs Persen,**  
ordfører i Bergen og 1.-kandidat  
for Ap i Hordaland  
**Roald Aga Haug,**  
ordfører i Ullensvang og 12.-  
kandidat for Ap i Hordaland  
Marte.Persen@bergen.kommune.no